

Til drosjesentralane i Bergen køyreområde

Dato: 25.02.2015  
Vår ref.: 2014/17787-13  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

**Brevet er berre sendt med e-post**

## **Evaluering av drosjeverksemnda i Bergen køyreområde 2014 - vedtak frå fylkesutvalet**

Evaluering av drosjeverksemnda i Bergen køyreområde 2014 vart handsama i sak 45/15 i fylkesutvalet 18.02.2015. Fylkesutvalet fatta fylgjande vedtak:

*«Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemnda til orientering og godkjenner dei tiltaka som er foreslått.»*

Med dette vedtaket er det innført formaliserte reningslinjer for styrarordning, med eigne skjema som skal nyttast. Retningslinjer og skjema er no tilgjengeleg på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Som tiltak mot overkapasitet som fylgje av køyring med reserveløyva utanom dei køyretider som gjeld for desse løyva, vert 20 reserveløyve inaktive i ein prøveperiode på 2 år. Inntil samferdselsavdelinga har fått innlevert meir enn 20 reserveløyve vil det ikkje verta tildelt reserveløyve til nye løyvehavarar. I praksis vil det ikkje vera høve til å søkja reserveløyve våren 2015.

Når det gjeld revidering av drosjereglementet og eventuell innføring strukturendringar i køyreområde i samband med det, vil samferdselsavdelinga koma attende med eiga sak.

Ved handsaminga av drosjeevalueringa i Samferdselsutvalet 11. februar 2015, var fylgjande oversendingsforslag vedteke:

*Samferdselsutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem attende med:*

- 1) sak om konkret vurdering av å forkorte køyretidene på reserveløyve.*
- 2) evaluering og framtidige tiltak for køyreområde for resten av Hordaland (utanom Bergen). I ei slik sak bør ein belyse tema som til dømes antal løyve dei neste åra, organisering, konsekvensar for pasient/skolekøyring, utgifter i høve ny bompengepolitikk (tidsdifferensierte bompengesatsar), tiltak mot piratverksemd.*

Samferdselsavdelinga vil i løpet av året førebu politisk sak om køyretidene på reserveløyva i Bergen køyreområde.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi:

Norges Taxiforbund avd. Bergen  
Norges Taxiforbund avd. Hordaland